



Arvid Rongve med slekt og feriepass i Uskedalen er tildelt midlar til forskning på demenssjukdom.

**Overlege Arvid Rongve i Helse Fonna er tildelt 20 millionar kroner til forskning på demenssjukdom. Rongve kjem frå Voss, men har morsslekta si frå Eik i Uskedalen. Sjølv har han sin faste feriepass i Uskedalen. Forskinga hans skal mellom anna sjå på om eksisterande medisin har effekt på demenstypen DLB. Det er Helse Fonna som melder dette på sine nettsider.**

Arvid Rongve fortel at denne tildelinga fører til at det er nok midlar til å starta studien så snart ein har godkjenningane på plass.

Arvid Rongve er psykiater og har forska på demenssjukdom i ei årrekke. I denne studien skal pasientar med tidleg lewybody-demens få medisin som skal kunna gje betre symptom og forseinka sjukdomsutviklinga. Det finst i dag ingen godkjent medisin som kan dempa symptom eller kurera lewybody-demens.

Dersom vi ser effekt av desse medisinane, vil det kunna føra til at dei blir godkjente for bruk mot denne sjukdomen, seier Rongve.

- Lewy body demens (DLB) er ein demenstype som gir parkinson-liknande symptom
- Personen får ofte synsforstyringar og hallusinasjonar
- Ein reknar med at 10-15 prosent av dei, som får demens, har denne typen
- Det finst ingen godkjent medisin som betrar eller kurerer DLB.

Medisinane, dei skal testa i studien, heiter Ambroxol og Nilvadipine: Det er eit godkjent legemiddel for andre indikasjonar. Den eine pasientgruppa vil få placebo, altså narremedisin, den andre gruppa vil få ambroxol og den tredje gruppa vil få Ambroxol og Nilvadipine i kombinasjon.

Pasientane vil få behandling i eitt år, og i denne perioden blir dei nøye overvåka med tanke på effekt og bieffekt, forklarar Rongve.

Effekten av medisinane blir vurdert ut i frå etablerte kriterier for å måle symptom og sjukdomsutvikling.

Rongve vonar at forskinga og studie kan ta til hausten 2020.

Tekst/foto: Redigert og henta frå Helse Fonna

Nett: Kristian Bringedal